
Til: Fylkesordfører

Frå: Ungdommens fylkesutval

Referanse
2014/560-62

Dato
04.06.2014

Ungdommens fylkesutval ber om eit møte med fylkesordfører

Ungdommens fylkesutval hadde følgjande sak oppe på utvalsmøtet 21.05.14:

Møte med fylkesordfører

Samandrag

Det har vore tradisjon at Ungdommens fylkesutval møter fylkesordfører ved ein eller fleire anledningar i løpet av perioden. Det kan vere naturleg at leiar og nestleiar i Ungdommens fylkesutval planlegg eit møte med fylkesordfører for å gå igjennom Ungdommens planprogram og satsingsområda. Det kan og vere naturleg å høyre om det er nokre av punkta som fylkesordføraren meiner han kan stille seg bak eller fremje på vegne av Ungdommens fylkesutval.

Vedtak

- 1. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om eit møte mellom leiar og nestleiar og fylkesordfører, gjerne før sommaren og med fordel på ein onsdag.*
- 2. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om at fylkesordfører kjem på eit utvalsmøte til hausten.*
- 3. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om tips til korleis dei kan jobbe med sakane i Ungdommens planprogram.*

Ungdommens fylkesutval håpar at det kan vere mogleg å få til eit møte med leiar og nestleiar, samt at fylkesordfører møter heile utvalet ved ein seinare anledning. Utvalet innser at fylkesordfører er ein opptatt mann og håpar å få nokre forslag til når det kan passe for fylkesordfører å møte leiar og nestleiar.

Angående møtet med utvalet til hausten er møtedatoane:

29.-31. august (Fløksand)

17. september

27. oktober

14.-16. november (Stad ikkje planlagd)

12. desember

Utvalet håpar at ein av desse kan passe for fylkesordfører.

Vi ser fram i mot å høyre frå dykk.

Med helsing

Agnes Hoshovd Bernes
leiar